



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset

6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref
11/274-1 OMA

Dato

24 FEB 2011

**Statsbudsjettet 2011 - Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for
regional utvikling - Tilskotsbrev**

Tilsegn nr.: 11 301013

1. Innleiing

Vi syner til Prop. 1 S (2010-2011) for Kommunal- og regionaldepartementet, Innst. nr. 16(2010-2011), orienteringsbrev av 5. oktober 2010 og brev av 26. oktober 2010 om endringar i dei førebelse rammene til fylkeskommunane. I dette tilskotsbrevet gir departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551, post 60, for budsjettåret 2011. Brevet inneheld også presiseringar som knyter seg til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

I St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid slo regjeringa fast at fylkeskommunane skal vere dei sentrale regionale utviklingsaktørane. Kjernen i det regionale utviklingsarbeidet er å fremme ei heilskapleg samfunnsutvikling i eigen region som bygger opp under målsetjinga om å gi den enkelte innbyggjaren valfridom når det gjeld buplass.

2. Ramme

Den samla løyvinga på posten, medrekna Interreg, er 1 552,35 mill. kr. Løyvinga inneheld ei rammeoverføring på 20,5 mill. kr frå Nærings- og handelsdepartementet for å dekkje gjennomføringskostnader ved ordningar hos Innovasjon Noreg, sjå nærmare omtale i pkt. 4.1. Denne delen av ramma vil bli overført til Innovasjon Noreg. Løyvinga inneheld òg 2,15 mill. kr til delprogrammet Sápmi under Interreg IV A Nord, som er

overført frå kap. 552 post 72. Troms fylkeskommune er sekretariatsfylke for Sápmi, og denne ramma blir overført dit.

Ramma til Sogn og Fjordane fylkeskommune er fastsett til 102,16 mill. kr.

Ei oversikt over fordelinga til dei enkelte fylkeskommunane og Oslo kommune er gitt i vedlegg 1. Den endelege løyvinga og fylkesfordelinga er ikkje endra i høve til brevet av 26. oktober om endringar i dei førebelse rammene for fylkeskommunane.

Løyvinga som er stilt til rådvelde, skal disponerast i samsvar med Reglement for økonomistyring i staten, Bestemmelser om økonomistyring i staten og retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61.

http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/tema/Statlig_ekonomistyring.html?id=1440.

3. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil oppretthalde eit spreidd busetnadsmønster som sikrar verdiskaping i heile landet og tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten i landet. Regjeringa vil styrkje den lokale og regionale vekstkrafta i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einsidig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketalet. Regjeringa vil leggje til rette for å styrkje og utnytte verdiskapings- og kompetansemiljøa i heile landet for å fremme innovasjon og verdiskaping i byane og distrikta. Nettopp samspelet mellom by og land er viktig for norsk næringsutvikling.

Målstruktur

Departementet har i Prop. 1 S (2010-2011) sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane på.

Fylkeskommunane prioriterer sjølve mellom ulike typar innsats i samråd med regionale partnerskap, innanfor dei nasjonale arbeidsmåla, rammene og retningslinjene for posten.

Prioriterte målgrupper

Kvinner, unge og innvandrere er framleis prioriterte målgrupper i distrikts- og regionalpolitikken, og departementet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere dei, og til å samarbeide med Innovasjon Noreg om å fastsetje måltal for prosentdelen av kvinner innanfor forvaltninga av dei bedriftsretta verkemidla og tiltaka. Dette skal bidra til regjeringa sitt mål om at 40 pst. av dei næringsretta midlane under programkategori 13.50 skal gå til kvinner innan 2013. Dei næringsretta midlane blir avgrensa til å gjelde direkte bedriftsretta støtte.

4. Om bruken og fordelinga av midlane

I 2011 legg departementet opp til å vidareføre løyvinga av regionale utviklingsmidlar til fylkeskommunane på same nivå som i 2010. Det er lagt løyvingssmessig til rette for ein auke til kommunale næringsfond. Frå og med 2011 vil fylkeskommunane og dei regionale partnerskapane ha ansvar for å tildele midlar til eventuelle inkubatorstipend i regi av Innovasjon Noreg. Nivået på tildelinga er avhengig av prioriteringane i fylkeskommunen. Inkubatorstipendet blei tidligare finansiert over kap. 552, post 72.

Innanfor ramma av dei nasjonale midlane for regional utvikling blir løyvinga til Bulyst-programmet auka i 2011, og arbeidet med lokal samfunnsutvikling i kommunane held fram. Løyvinga til satsinga, lokal samfunnsutvikling i kommunane er flytt frå post 72 til ny post 62. Mentortenesta for unge blir i 2011 utvida til å gjelde fleire fylke, og departementet vil auke løyvinga til arbeidet med entreprenørskap i utdanninga. I 2011 skal det etablerast eit nytt næringshageprogram, og løyvinga til tenesta bedriftsnettverk blir dobla i 2011. Midlane blir løyvde over kap. 552, post 62 og kap. 552, post 72.

4.1 Tilhøvet til andre aktørar og operatøransvaret for bedriftsretta verkemiddel
Fylkeskommunane har ansvar for å fordele midlar til dei ulike verkemiddelaktørane i sitt eige fylke.

Omlegging av administrasjons- og gjennomføringskostnader i Innovasjon Noreg

Tidlegare blei dei administrasjons- og gjennomføringskostnadene i Innovasjon Noreg som var knytte til oppdrag frå fylkeskommunane finansierte over kap. 2421, post 70 over Nærings- og handelsdepartementets budsjett. Frå og med 2011 er modellen for finansiering av desse kostnadene lagd om for alle oppdrag, utanom for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande, som låne- og fondsaktiviteten. Nærings- og handelsdepartementet vil framleis dekkje basiskostnadene til selskapet under kap. 2421, post 70. Innføringa av basiskostnadsmodellen inneber at administrasjons- og gjennomføringskostnader hos Innovasjon Noreg som knyter seg til oppdraget, skal dekkjast av oppdragsgivaren. Meir informasjon om sjøve modellen ligg på KRD sine nettsider

Det er overført 20,5 mill. kr frå Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett til Kommunal- og regionaldepartementets kap. 551, post 60. Midlane skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved ordningar hos Innovasjon Noreg som til og med 2010 er finansiert over rammeoverføringane på kap. 551, post 60 frå fylkeskommunane utanom låne- og fondsaktiviteten. Nyare overslag viser at 20,5 mill. kr er for lågt. KRD sendte difor eit brev til Innovasjon Noreg 14. januar 2011 kor ytterlegare inntil 24,5 mill. kr, på årsbasis, blir stilte til rådvelde for selskapet. Dette skal sikre tilstrekkeleg med midlar for å oppretthalde 2010-nivået på handsaminga av tenester finansiert over kap. 551.60.

Som ei overgangsordning blir midlane til administrasjons- og gjennomføringskostnader overført direkte til Innovasjon Noreg i 2011. Departementet vil gå i dialog med fylkeskommunane og Innovasjon Noreg om forvaltninga av midlane, mellom anna for å avklare korleis fylkeskommunane og Innovasjon Noreg frå og med 2012-budsjettet skal samarbeide om administrasjons- og gjennomføringskostnadene og for å drøfte framtidig omfang, innhald m.v. i administrasjons- og gjennomføringsaktivitetar i selskapet si forvaltning av fylkeskommunalt finansierte tenester. Det er ønskjeleg at arbeidet er ferdig 1. juli 2011. Det blir, for inneverande år, lagt til grunn at innsatsen til Innovasjon Noreg på dette området blir ført vidare på 2010-nivået, med mindre det skjer større endringar i oppdragsmengda frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg. På grunn av dei usikre tala er det òg lagt opp til ein generell gjennomgang av administrasjons- og gjennomføringskostnadene i 2012.

Dersom fylkeskommunane legg nye oppdrag til Innovasjon Noreg i 2011 eller aukar rammeoverføringa, må dei rekne inn midlar til kostnader som knytter seg til gjennomføringa.

Risikolån, garantiar og tapsavsetningar

Jf. Kommuneloven kan det ikkje stillast kausjon eller anna økonomisk garanti knytt til næringsverksemd som blir utført av andre enn kommunen eller fylkeskommunen sjølv. Vi syner likevel til lov om Innovasjon Noreg der det vert opna for at dei kan opprette distriktsretta låne- og garantiordningar. Innanfor ramma for postane 60 og 61 kan det bli gitt tilskot og avsetning til eit felles tapsfond for risikolån og garantiar forvalta av Innovasjon Noreg, sjå retningslinjene for nærmare omtale.

4.2 Skjønnstildelingane

Kommunale/regionale næringsfond

Departementet legg løyvmessig til rette for ei tildeling til kommunale/regionale næringsfond på totalt 225 mill. kr. Det er ein auke på 50 mill. kr frå 2010. Midlane skal gi kommunane betre høve til å leggje til rette for auka vekst, verdiskaping og sysselsetjing ut frå lokale fortrinn og potensial. Auken til kommunale/regionale fond må sjåast i samanheng med arbeidet for å styrkje den lokale samfunnsutviklinga i

kommunane (LUK) og arbeidet med førstelinja for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK). Departementet føreset at midlane til kommunale/regionale næringsfond blir tekne i bruk ved at midlane uavkorta blir tildelte kommunar eller regionråd.

Departementet vil peike på at fylkeskommunen kan gi midlar til kommunale næringsfond utanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Kommunar med slike fond kan ikkje nytte denne typen midlar til distriktsretta investeringsstøtte eller fysiske, tilretteleggjande tiltak, jf. forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla, fastsett ved kgl.res. 15. desember 2006.

Kommunal- og regionaldepartementet vil setje i gang ei hovudevaluering av kommunale/regionale næringsfond i 2011.

Regional omstilling

I 2011 er det skjønntildelt 61 mill. kr til omstilling på kap. 551, post 60. Tildelinga er basert på innspel frå fylkeskommunane om spesielle omstillingsbehov i regionar og lokalsamfunn. Både kortsiktige og langsiktige omstillingsbehov må vurderast. Fylkeskommunane skal rapportere spesielt på den delen av ramma som er nytta til omstillingsutfordringar, jf. vedlegg 3.

Innovasjon Noreg vil i 2011 få ei ramme på 13,2 mill. kr. Dette er ei auke på 5,2 mill kr. i høve til 2010. Løyvinga inkluderer gjennomføringskostnadane til tenesta. Denne ramma skal sikre at selskapet kan spele rolla som nasjonalt kompetanseorgan på omstilling overfor fylkeskommunane og kommunane.

Av og til oppstår det kriser i lokalsamfunn med eit omfang som kan gjere det naudsynt med ein ekstrainnsats frå staten utover dei skjønntildelte omstillingsmidlane over kap. 551, post 60. I St. meld. nr. 25 (2008-2009) side 108 er det definert kva for kriterium som skal leggjast til grunn når ein skal vurdere om det er aktuelt for staten å gå inn med ein ekstraordinær innsats. Departementet vil då ta omsyn til eventuelle skjønnsmidlar som er avsette til det aktuelle området.

Europeisk territorielt samarbeid/Interreg IVA

I 2011 blir det skjønntildelt 71,28 mill. kr¹ til fylkeskommunane som den statlege finansieringsdelen for norsk deltaking i det europeiske territoriale samarbeidet, Interreg IVA og Kolarctic ENPI CBC .

For 2011, og for resten av programperioden (2007-2013), legg departementet den justerte fordelinga av Interregmidlane mellom fylkeskommunane til grunn. Denne fordelinga blei fastsett i dialog og gjennom avklaring mellom departementet og

¹ Auken i ramma for 2011 skuldast at 2,15 mill. kr, som er den statlege finansieringa av delprogrammet Sápmi under Interreg IV A Nord, er overført frå kap. 552 post 72.

fylkeskommunane i samband med godkjenninga av dei ulike programma. Midlane til det enkelte programmet vil framleis bli overførte direkte til sekretariatsfylka, jf. punkt 2 i dette brevet, og til vedlegg 2.

Støtte til reiselivsselskap

Departementet er kjend med nokre fylkeskommunar nyttar midlar til å fremje reiselivsmål i fylket. Vi vil i den samanheng peike på at fylkeskommunen har ansvaret for at tilskot blir gitt i samsvar med gjeldande regelverk. Dette gjeld og i tilfelle der tilskot blir gitt til regionale/fylkesoverskridande destinasjonsselskap.

Fylkeskommunen må i kvart tilfelle vurdere kva prosedyre som er mest tenleg; tilskot, kjøp eller kompensasjon for tenester av ålmenn økonomisk interesse. Departementet føreset at fylkeskommunen i slike tilfelle har ein god dialog med verkemiddelapparatet. I dei tilfella reiselivsselskapa er delegert forvaltningsmynde, viser vi til pkt. 5.2 *Delegeringa av forvaltningsansvar til selskap som ikkje er offentlig heilåtte.*

4.3 NyVekst - støtte til små nyetablerte vekstforetak i det distriktspolitiske verkeområdet

Å stimulere til vekst i oppstartsbedrifter i distrikta er eit viktig innsatsområde. NIFU STEP gjennomførte i 2011 ei evaluering av Nyvekst. Evalueringa synte at det er få bedrifter i målgruppa for tenesta i distrikta, og at det er utfordringar når det gjeld å utvikle verkemiddel spesielt for vekstbedrifter i distrikta. Departementet legg ikkje lenger opp til å synleggjere løyvinga til NyVekst særskilt i tilskotsbrevet på same måte som tidlegare. Fylkeskommunane og dei regionale partnerskapa har ansvar for eventuell tildeling av midlar til NyVekst og for nivået på tildelinga til denne satsinga.

4.4 BIT-programmet

Når det gjeld programmet BIT, er løyvinga avslutta over kap. 552, post 72. Dersom fylkeskommunen eller den regionale partnerskapen ønskjer å vidareføre programmet, må det i tilfelle tilførast midlar innanfor ramma av dei fylkeskommunale midlane.

4.5 Satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Regjeringa har løyvd 30 mill. kr til satsinga i 2011. Satsinga skal styrkje det arbeidet kommunane gjer med å byggje attraktive lokalsamfunn. Dei fylkeskommunane som er med, skal sende departementet oppdaterte planar og budsjett for 2011 og ein søknad om midlar for 2011 innan 1. mars. Departementet vil tildele midlar til fylkeskommunane ut frå dei kriteria som ligg til grunn for satsinga i statsbudsjettet for 2011 under kap. 551, post 62. Det er sendt ut eit eige brev til fylkeskommunane med nærmare informasjon om dette.

4.6 Spesielle satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar

Kommunal- og regionaldepartementet har sett i verk fleire satsingar der det er viktig med samarbeid med fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, og der satsingane er finansierte over kap. 552 post 72.

Bulyst og kulturbasert stad- og næringsutvikling

Kommunal- og regionaldepartementet starta opp ei ny satsing under temaet bulyst i 2010, forankra i St.meld. nr 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru*. I 2010 var det sett av 32 mill. kr til bulyst, i 2011 er det sett av 47 mill kr. Det er signalisert at dette er ei satsing som skal vare over fleire år.

Mål for bulystsatsinga:

- Satsinga skal leggje til rette for at distriktskommunar blir meir attraktive som varige bustadkommunar.
- Under satsinga skal ein samle og formidle kunnskap om kva det er som påverkar folk når dei vel bustadkommune.
- Satsinga skal støtte opp om gode lokale og regionale utviklingsprosjekt.

Midlane skal i hovudsak gå til regionale og lokale utviklingsprosjekt. I 2010 blei det gitt støtte til 35 utviklingsprosjekt. Fylkeskommunane er den viktigaste samarbeidspartnaren for Kommunal- og regionaldepartementet i gjennomføringa av bulystsatsinga. Departementet har vore i dialog med fylkeskommunane for å vidareutvikle dette samarbeidet. Resultatet er omtalt i eit eige brev til fylkeskommunane av 26.01.2011.

Førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK)

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å vidareføre arbeidet med FUNK. For 2011 har departementet sett av 4 mill. kr. til dette arbeidet.

Prosjektet blir avslutta i 2010, men Innovasjon Noreg vil vidareføre og vidareutvikle førstelinjearbeidet. Målet for 2011 er at arbeidet skal vere i gang i alle fylke. To tiltak blir sett i gang ved alle distriktskontora til Innovasjon Noreg:

1. Kursdagar for næringskonsulentar og etablerarretteleiarar.
2. Kontordagar i kommunane.

Innrettinga må tilpassast etter kor langt arbeidet er kome, korleis arbeidet er organisert og utfordringane i kvart fylke. Fylkeskommunane har ei særleg viktig rolle når det gjeld å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei involverte partane i fylket.

Nytt næringshageprogram frå 2011

Ein ny programperiode tek til i andre halvår 2011. Departementet sluttar seg i hovudsak til forslaga som vart fremma av arbeidsgruppa som utgreidde innhald i et nytt næringshageprogram. Hovudmålet for det nye programmet skal vere å bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for utvikling av kunnskapsarbeidsplassar i distrikta.

Programmet skal bidra til nyskaping og bedriftsetableringar og til vidareutvikling og vekst i eksisterande bedrifter. I tråd med forvaltningsreforma vil departementet gi fylkeskommunane eit utvida ansvar for utforming og gjennomføring av programmet. Dette inneber større fleksibilitet for regionale tilpassingar og færre nasjonale føringar.

SIVA vil invitere til deltaking i programmet på grunnlag av overordna føringar frå Kommunal- og regionaldepartementet. Fylkeskommunane og SIVA skal saman velje ut dei næringshagane som skal delta, og fastsetje regionale program mål.

Næringshageselskapa skal ha ein utviklingsressurs for å kunne arbeide med nyskaping og bedriftsutvikling. Denne skal finansierast gjennom eit årleg driftstilskot frå Kommunal- og regionaldepartementet, fylkeskommunane og bedriftene. Tilskotet frå Kommunal- og regionaldepartementet gjennom SIVA er på inntil 50 pst. Bedriftene skal dekkje 25 pst av driftskostnadene, og det er forventa at fylkeskommunane, eventuelt i samråd med kommunane eller andre, dekkjer dei siste 25 prosentane.

4.7 Forholdet til Distriktssenteret, profilering og omdømmearbeid

Distriktssenteret

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret) skal støtte kommunar, regionar og andre som set i verk tiltak for å skape lokal samfunnsutvikling og bulyst. Distriktssenteret skal mellom anna gjere det lettare for aktørane å dele erfaringar og lære av kvarandre. Distriktssenteret skal særleg fokusere på strategiar og tiltak innanfor dei hovudmåla som går ut på å utvikle attraktive regionar og sentrum for folk og næringsliv.

Distriktssenteret arbeider hovudsakleg med å hente inn, systematisere og formidle kunnskap og erfaringar om lokale utviklingstiltak. Senteret støttar lokale initiativ og rettleier aktørar i kommunane. Samtidig er senteret med på å styrkje og byggje opp under kompetansen til fylkeskommunen og andre aktørar som òg er støttespelarar for lokal samfunnsutvikling.

I 2010 har Distriktssenteret etablert kontakt med alle fylkeskommunane innanfor verkeområdet. Denne kontakten har særleg teke utgangspunkt i dei nasjonale satsingane LUK og bulyst og programma og satsingane til regionane sjølve. I tillegg har

tilsette i fylkeskommunane medverka med kunnskap og erfaringar i den kartlegginga av lokalt utviklingsarbeid som Distriktssenteret har gjennomført.

I 2011 vil Distriktssenteret aktivt følgje opp det etablerte samarbeidet med fylkeskommunane. Departementet ønskjer at fylkeskommunane skal, i samråd med Distriktssenteret, vurdere kva for konkrete samarbeidsområde som skal prioriterast og kva tiltak som skal gjennomførast. Utgangspunktet for samarbeidet vil vere fylkeskommunale prioriteringar i planar og program.

4.8 Andre løyvingar innanfor programkategori 13.50 som fylkeskommunen forvaltar

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling – kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgivaravgift

Dei aktuelle fylkeskommunane kjem her til å få eit eige tilskotsbrev når den fylkesvise fordelinga er klar. Vi syner elles til omtalen i Prop. 1 S (2010-2011) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Kap. 551, post 71 Nordområdetiltak

Posten blir borte frå og med 2011 og løyvingane på posten er overført til kap. 552, post 72 som gjeld nordområdetiltak.

5. Økonomiforvaltning

5.1 Krav og retningslinjer for forvaltninga

Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som blir stilte til rådvelde over kap. 551, post 60 er i tråd med regelverket for økonomistyring i staten, retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61, og dessutan reglane for offentlig støtte. Fylkeskommunane og dei som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunen, skal, basert på vurdering av risiko og kor viktig eit tema er, etablere eit forsvarleg og nyttig system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Det er òg viktig at ein tek etiske omsyn i sakshandsaminga.

Fylkeskommunane skal forvalte midlane etter prinsippa for mål- og resultatstyring. Det inneber mellom anna at dei sjølve må lage eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til måla for regional utvikling i fylkesplanen, og som er i tråd med arbeidsmåla innanfor programkategori 13.50.

Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Overføring av midlar

Rammene til fylkeskommunane blir i hovudsak overførte tre gonger i året, rundt 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Midlane vil bli overførte til dei same kontoane som i 2010 dersom ikkje fylkeskommunane gir melding om noko anna.

Etter at ramma til andre tilskotsforvaltarar er fastlagd, har fylkeskommunane ansvar for å sende over oppdragsbrev eller avtale/kontrakt til dei ulike tilskotsforvaltarane. Vi ber om det blir gjort så snart som råd slik at tilskotsforvaltarane kan planleggje verksemda si etter dei måla, føringane og rammene som er gitte. Vi ber samstundes om at alle styringssignal til tilskotsforvaltarane blir gitt i dette brevet eller avtala/kontrakten.

Kontroll

Departementet og Riksrevisjonen kan når som helst be om innsyn i bruken av midlane.

Departementet har ansvar for å sjå til at fylkeskommunane har gode internkontrollsystem. Internkontroll er eit formalisert kontrollsystem der kontrollaktivitetar blir utforma, gjennomførte og følgde opp med basis i vurderingar av risikoen for styringssvikt, feil og manglar i arbeidsprosessane i verksemda. For at departementet betre skal kunne følgje opp sitt ansvar, skal fylkeskommunane i den årlege rapporteringa opplyse om fylkesrevisjonen har hatt vesentlege merknader eller gjort funn i høve til verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61, eventuelt om innhaldet i desse merknadene og korleis dei blir følgde opp.

PwC har på oppdrag frå departementet hausten 2010 gjennomgått tilskotsforvaltninga til fylkeskommunane når det gjeld midlar som er løyvde over kap. 551, postane 60 og 61. PwC peiker mellom anna på at fylkeskommunane i for liten grad har gjort risikovurderingar av sin eigen forvaltningspraksis. Departementet strekar under at fylkeskommunane skal identifisere den risikoen som knyter seg til tilskotsforvaltninga som system.

PwC har vidare funne døme på manglande oppfølging i samband med det dei kallar programorganisering, og i tilfelle der midlar er vidaredelegerte til eksterne aktørar, som til dømes kommunale og regionale fond. Vi minner om at retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 gjeld for alle midlane, heilt ut til sluttmottakaren og uavhengig av organisering av forvaltninga, og at det er fylkeskommunane som må sjå til at dei blir følgde. Fylkeskommunane må òg klargjere kva ansvar dei ulike aktørane har når andre er involvert i forvaltninga av midlane. Sjølv om fylkeskommunen har delegert delar av eller heile forvaltningsansvaret til andre, er fylkeskommunen ansvarleg overfor Kommunal- og regionaldepartementet for bruken av midlane. Departementet vil kome med et eige brev om saka.

5.2 Endringar i retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 for 2011

I retningslinjene er det frå og med 2011 gjort følgjande endringar:

- **Del I, punkt 4 Tildelingskriterium og avgrensingar i bruken av midlane**

- *Omgrepa drifts- og administrasjons- og gjennomføringskostnader er definert.*
- *Fylkeskommunane, verkemiddelaktørane og andre aktørar som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane kan dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane.*

Fylkeskommunane, og andre aktørar enn dei nasjonale verkemiddelaktørane som fylkeskommunane delegerar forvaltningsansvaret til, kan nytte inntil 5 pst. av midlane dei sjølve forvaltar på kap. 551, postane 60 og 61, til delvis å dekke administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Midlane skal rapporterast i eigen, ny kategori i Rapp13.50.

Fylkeskommunane skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag som dei avtaler med dei nasjonale verkemiddelaktørane, dersom desse kostnadane ikkje er dekte av andre. Unntaket i 2011 er administrasjons- og gjennomføringskostnader ved tilskotsordningar som til og med 2010 er finansierte av rammeoverføringane på kap. 551, post 60 frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg, sjå omtale under kap. 4.1.

- *Avgrensingar ved støtte til prosjekt*

Det kan givast tilsegn om støtte til enkeltprosjekt, medrekna støtte til drift, i inntil fem år som ein del av eit lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Unntaket er støtte til prosjekt, medrekna støtte til drift, under ordningar som blir administrerte av dei nasjonale verkemiddelaktørane. Desse prosjekta kan støttast i tråd med regelverka for dei ulike ordningane. Støtta kan gå til dei formåla og dei aktivitetane som er definerte i regelverka for ordningane eller omtalen av prosjektet.

- *Ungt Entreprenørskap*

For Ungt Entreprenørskap i det einskilde fylke, kan fylkeskommunane dekkje alle typar kostnader knytt til drift og aktivitetar i Ungt Entreprenørskap sine programperiodar.

- **Del I, punkt 2 Ansvar og rolla til aktørane**

- *Delegering av forvaltningsansvar til selskap som ikkje er offentleg heilåtte*

Departementet opnar for at fylkeskommunane i avgrensa omfang heilt eller delvis kan delegere forvaltningsansvaret til selskap som ikkje er offentleg heilåtte, dersom fylkeskommunen sjølv ønskjer det og finn det formålstenleg, og dersom vedkommande instans er villig til å overta ansvaret under dei føresetnadene som fylkeskommunen ønskjer. Dei vilkåra fylkeskommunen set må vere i tråd med retningslinjene for kap.

551, postane 60 og 61. Fylkeskommunane må sjå til at dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunane, er kjende med innhaldet i retningslinjene.

Fylkeskommunen har ansvar for å avklare ansvarsdelinga mellom fylkeskommunen og den som har fått delegert eit forvaltningsansvar. Sjølv om fylkeskommunen har delegert heile eller delar av forvaltningsansvaret til andre, er fylkeskommunen ansvarleg overfor Kommunal- og regionaldepartementet for bruken av midlane. Ved delegering av forvaltninga til andre, må fylkeskommunen vurdere om lova om offentlege anskaffingar gjeld. For ikkje-offentlege forvaltarar er hovudregelen at alle delegeringsoppdrag skal leggjast ut på anbod. Aktørar som har fått delegert eit forvaltningsansvar frå fylkeskommunen, har ikkje høve til å delegere oppgåvene vidare til andre. Dersom fylkeskommunane delegerer forvaltningsansvar til nye aktørar, utover det som blei gjort i 2010, skal fylkeskommunane gi skriftleg melding om det til departementet.

- **Del II, II Tilskotsforvaltning, punkt 2 Prosedyrar og tildeling av midlar, søknader m.m.**

- *Krav til aksept av vilkår gitt av fylkeskommunane er endra.*

- **Del II, II Tilskotsforvaltning, punkt 3 Oppfølging og kontroll**

- *Konsekvensar ved feil bruk av midlane*

Departementet har gjennomgått rapporteringa frå fylkeskommunane og har avdekt og peikt på feil bruk av midlar på kap. 551, postane 60 og 61. Fylkeskommunane kjem til å bli varsla i eigne brev frå departementet dersom departementet fangar opp midlar vi meiner er brukte feil. Fylkeskommunane vil få høve til å gi si vurdering av saka før departementet konkluderer endeleg. Gjenteiken feilbruk vil medføre krav om tilbakebetaling ved ein reduksjon i løyvinga til fylkeskommunen på det tilsvarande beløpet det påfølgjande budsjettåret.

Fylkeskommunane har ansvaret for at også aktørar som fylkeskommunane har delegert forvaltningsansvaret til nyttar midlane i tråd med retningslinjene og formålet med postane. Dersom departementet eller fylkeskommunane oppdagar feil bruk av desse midlane, gjeld det same sanksjonsregimet som for feil bruk av dei midlane som fylkeskommunane sjølve forvaltar. Fylkeskommunane vil da ha ansvaret for å sanksjonere.

5.3 Presiseringar i retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 for 2011

For å tydeleggjere avgrensingane og krava i retningslinjene er det frå 2011 gjort somme presiseringar som ikkje endrar tidlegare praksis:

- Midlane skal i utgangspunktet ha ein utløysande effekt og vedlikehald kan derfor ikkje støttast.
- Det er ikkje lov å byggje opp fond for regional utvikling utan eit spesifikt formål der avkastninga av fondet skal gå til ulike tiltak og ordningar. Eit spesifikt formål kan til dømes være infrastrukturfond. Unntak frå hovudregelen er tapsfond innanfor

ordningar som blir forvalta av Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet. Regelen omfattar ikkje midlar til kommunale eller regionale fond, eller omstillingsfond, der midlane i realiteten er vidaredelegerte rammer og ansvar frå fylkeskommunane.

- Det er ikkje lov til å dekkje renter og avdrag på lån eller refinansiere prosjekt som allereie er gjennomførte. For Innovasjon Noreg gjeld det eigne reglar.
- Det er gjort presiseringar knytte til omtalen av internkontroll.

6. Rapportering, oppfølging, evaluering og fristar

Departementet gir skriftleg tilbakemelding på rapporteringa.

6.1 Rapportering på gitte tilsegner og rammer i 2011

Løyvingane frå departementet til fylkeskommunane over kap. 551, postane 60 og 61 blir dels fordelte til andre, dels forvalta av fylkeskommunane direkte. Departementet legg stor vekt på ei samla og likearta rapportering om all aktivitet (statistikkrapporteringa) som er finansiert med innsats over programkategori 13.50. Opplegget for rapportering på gitte tilsegner og rammer over kap. 551, post 60 (Rapp13.50) er tilpassa dette. Ein nærmare omtale av innhaldet i denne rapporteringa er gitt i vedlegg 4b. Nummereringa på kategoriane i Rapp13.50 er endra frå og med 2011. Kategori 02.03 Næringsretta kompetansehevingstiltak er fjerna. Det har kome ein ny kategori 0800 Gjennomføringskostnader. Det er laga eit nytt felt for registrering av støtteform (tilskot/offentleg anskaffing). Det er òg gjort mindre justeringar i nokre av kategoriane. Vi syner til at det er laga eit eige rettleiingsskjema for kategoriregistreringa, vedlegg 4e.

Både kommunar, regionråd, Landsdelsutvalet for Nord-Noreg, andre landsdels - samanslutningar og eventuelle andre forvaltningsorgan skal rapportere om bruken av midlar frå kap. 551, postane 60 og 61 som dei har fått tildelt frå fylkeskommunane, gjennom det same rapporteringssystemet som fylkeskommunane sjølve nyttar, Rapp13.50. Fylkeskommunane har ansvar for å informere om dette systemet, kvar det kan lastast ned, og kven som kan gi hjelp og sjå til at rapporteringssystemet blir nytta. Når det gjeld rapportering på kommunale- og regionale næringsfond, viser vi til brev av 22.12.2010 der fylkeskommunane fekk ansvar for å kvalitetssikre rapporteringa frå kommunane og regionane før rapporten blir sendt vidare til departementet

Kap. 551, postane 60 og 61 er tilskotspostar, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på postane som blir brukt til å dekkje gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Departementet vil også følgje dei midlane som blir nytta til dette formålet nøye og vurdere eventuelle behov for endringar i ordninga. Det er derfor etablert ein ny kategori 0800 Gjennomføringskostnader i Rapp13.50, der desse midlane skal registrerast. Dette gjeld alle aktørar som nyttar Rapp13.50 for å rapportere på midlar dei forvaltar på postane 60 og 61.

6.2 Beskrivande rapportering for budsjettåret 2011

Som varsla i eit eige brev til fylkeskommunane av 2. november 2009 og i tilskotsbrevet for 2010 har departementet laga eit nytt rapporteringssystem som gjeld frå og med budsjettåret 2010. Formålet er å dreie fokuseringa i styringa og rapporteringa frå aktivitetar og innsats og meir over til resultat og effektar av verkemiddelbruken. Rapporteringskrava er presenterte i vedlegg 4a. Fylkeskommunane skal i den beskrivande rapporteringa mellom anna rapportere på måloppnåing i høve til sine eigne mål og på konkrete resultat av prosjektporteføljar og/eller på satsingsområde under dei enkelte måla. Sidan det kjem til å ta noko tid før prosjekta blir slutførte og resultata blir synleggjorde, vil det vere ein gradvis overgang til meir rapportering på resultat og effektar. Vi ber fylkeskommunane likevel, så langt som råd, å følgje opp dei nye rapporteringskrava frå departementet.

6.3 Rapportering på felles resultat- og effektindikatorar

Som ein del av den auka fokuseringa på resultat og effektar av verkemiddelbruken er det frå og med rapporteringsåret 2010 innført rapportering på eit sett med felles indikatorar. Tanken er å rapportere på desse indikatorane ved sluttrapporteringstidspunktet for tiltak og prosjekt som er finansierte over kap 551, postane 60 og 61. Desse indikatorane skal tene fleire formål:

- vere eit viktig datagrunnlag i felles evalueringar (sjå nedanfor)
- danne grunnlag for betre mål- og resultatstyringssystem og læring av verkemiddelbruk i fylkeskommunane og i den beskrivande rapporteringa til departementet
- gi grunnlag for ei meir heilskapleg resultatrapportering til Stortinget.

Rapporteringskrava er nærmare omtalte i vedlegg 4c.

6.4 Rapportering på transportstøtte (gjeld berre i nokre fylke)

Det gjeld eigne reglar for rapportering på transportstøtte. Sjå vedlegg 4b og 4d.

6.5 Rapportering 1. halvår 2011

Fylkeskommunane skal innan 16. august 2011 sende inn ein kort rapport om midlane for 2011 som gir grunnlag for rapporteringa frå departementet til Stortinget i samband med statsbudsjettet for neste år. Denne rapporten skal innehalde ei oversikt over korleis ein har tenkt å disponere rammene for kap. 551, postane 60 og 61 på dei ulike aktørane som Innovasjon Noreg, SIVA, fylkeskommunen sjølv og kommunane (kommunale/regionale næringsfond). Rapporten må dessutan gi ei oversikt over dei kommunane/regionane som får tildelt midlar til kommunale næringsfond. Han skal også innehalde ei oversikt over rammer som det er planar om å disponere til omstilling og europeisk territorielt samarbeid (Interreg).

6.6 Dialog om evalueringar

Departementet vil i større grad gjennomføre felles tematiske evalueringar for å betre følgje opp dei langsiktige effektane av verkemiddelbruken over kap 551, postane 60 og 61. Vi kjem i 2011 nærmare tilbake til korleis dei tematiske evalueringane skal organiserast og finansierast i dialog med fylkeskommunane og relevante fagetatar.

Tematiske evalueringar fritenk ikkje fylkeskommunane, eller andre som forvaltar midlar på vegner av dei, frå den evalueringssplikta som er nedfelt i reglementet for økonomistyring (§16). Departementet skal varslast om evalueringar som er planlagde eller sette i gang, i den årlege rapporteringa, der det også skal informerast om resultat (jf. vedlegg 4a). Vi ber òg om å få oversend kopi av dei evalueringane som er gjorde så sant dei er offentleg tilgjengelege.

6.7 Fristar i 2011

2. februar	Frist for innlegging av rapportering for 2010 i Rapp13.50
2. februar	Frist for rapportering på felles resultat- og effektindikatorar
1. april	Frist for beskrivande årsrapport for 2010
10. mai	Frist for rapportering av transportstøtte for 2010 (sjå punkt 6.4)
16. august	Frist for halvårsrapport 2011
16. august	Frist for innspel om omstillingsbehov i 2011

Fristane gjeld òg for andre aktørar som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, Landsdelsutvalet og kommunane. Dersom denne rapporteringa går gjennom fylkeskommunen, må fylkeskommunen setje ein frist for dei andre aktørane slik at han sjølv kan halde fristen til departementet.

Rapporteringsfristane for 2012 vil bli lagt på eller tett opp til dei same datoane.

7. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid

Arbeidet med å vidareutvikle informasjonen og kommunikasjonen om regional utvikling vil halde fram i 2011. I samband med budsjettet for 2011 utvida Kommunal- og regionaldepartementet den informasjonen om det regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane som finst på nettsidene våre. Departementet vil også i 2011 vidareutvikle desse sidene. Kommunal- og regionaldepartementet vil dessutan føre vidare dialogen med fylkeskommunane om korleis midlane til regional utvikling, og bruken av dei, kan synleggjerast betre.

8. Avslutning

Eg vil be om at fylkeskommunane orienterer partnerskapen om innhaldet i dette brevet og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapen lykke til med utviklingsarbeidet i fylka i 2011!

Med helsing


Liv Signe Navarsete

VEDLEGG

- | | |
|-------------|--|
| Vedlegg 1: | Fylkesfordeling av midlane på kap. 551, post 60 for 2011 (tabell) |
| Vedlegg 2: | Fordeling av Interregmidlar på sekretariatsfylka for 2011 |
| Vedlegg 3: | Retningslinjer for kap 551, postane 60 og 61 |
| Vedlegg 4a: | Krav til beskrivande årsrapport til Kommunal- og regionaldepartementet |
| Vedlegg 4b: | Krav til rapportering på gitte tilsegner og rammer (statistikkrapporteringa) og rettleiar til registreringskategoriane |
| Vedlegg 4c: | Krav til rapportering på felles effekt- og resultatindikatorar |
| Vedlegg 4d: | Rapporteringsskjema for transportstøtte |
| Vedlegg 4e | Forenkla rettleiing til statistikkrapportering/kategoriregistrering |
| Vedlegg 5: | Oversikt over løyvingane over programkategori 13.50 i 2010 |

Tilskotsbrev med vedlegg vil bli lagt ut på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd>

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktutvikling

Fiskeri- og kystdepartementet

Innovasjon Norge Hovedkontoret

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)

Kulturdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Miljøverndepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Plan- og administrasjonsavdelingen

Riksrevisjonen

Sámediggi-Sametinget

SIVA - Selskapet for industrivekst SF

